

# TARIFFAR FOR NETTLEIGE

## Gjeldande frå 1. januar 2016

Nettleige er det du betaler for å vera tilknytt straumnettet. Nettleiga går til å dekkja kostnadane med ei stabil og sikker straumforsyning. Desse kostnadane er hovudsakeleg knytt til investeringar, vedlikehald og vaktberedskap.

### Nettleige for privatkundar

Transport av kraft i Kvinnherad Energi AS sitt fordelingsnett vert frå **01.01.2016** fakturert etter desse tariffar. (Alle prisar på tariff NH er inkl. Enova-avgift 1,0 øre/kWh, forbruksavgift på 16,0 øre/kWh og 25 % meirverdiavgift):

Kundegruppe	Nettnivå	Tariff	Grunnpris	Nettleigepris-øre/kWh		Merknader
			kr/år	Sommar	Vinter	
Hushald	5	NH	2300	57,8	60,8	Hovudsikring maks 125A/230V 80A/415V
Hytter/ Naust/ Fritidshus	5	NH	2300	57,8	60,8	Hovudsikring maks 100A/230V 63A/415V

Sommar: 01.05-30.09 Vinter: 01.01 - 30.04 og 01.10 - 31.12

### Nettleige for næringskundar

Transport av kraft i Kvinnherad Energi AS sitt fordelingsnett vert frå **01.01.2016** fakturert etter desse tariffar. (Alle prisar på tariffane NN og NNM er ekskl. Enova- avgift 800 kr/år, forbruksavgift på 16,0 øre/kWh og 25 % meirverdiavgift)

Kundegruppe	Nettnivå	Tariff	Grunnpris	Nettleigepris-øre/kWh		Avrekning av effekt		Merknader	
			kr/år	Sommar	Vinter	Effekt del	kr/kW/mnd		
Små næringskundar	5	NN	3000	29,2	31,7			Hovudsikring maks 125A/230V 80A/415V	
Storkundar lågspent	4/5	NNM	8300	18,6	20,8	< 100 kW	Sommar 45	Vinter 53	Effekt vert målt med 60 min. tidsopløysning og fakturert etter høgaste månadsverdi.
						101-200 kW	41	49	
						>200 kW	29	37	
Storkundar høgspant	3	N3	8300	3,0	5,0		50	58	

Sommar: 01.05-30.09 Vinter: 01.01 - 30.04 og 01.10 - 31.12

## Nettleige for vegljøs og byggje- og anleggstraum

Transport av kraft i Kvinnherad Energi AS sitt fordelingsnett vert frå **01.01.2016** fakturert etter desse tariffar. (Alle prisar på tariffane NVM og NA er ekskl. Enova- avgift 1,0 øre/kWh, forbruksavgift på 16,0 øre/kWh og 25 % meirverdiavgift)

Kundegruppe	Nettnivå	Tariff	Grunnpris	Nettleigepris øre/kWh	Merknader
			kr/år		
Vegljøs	5	NVM	50	20,9	Forbruk m/fotocelle: Effekt i kW x4000t Forbruk u/fotocelle: Effekt i kW x8760t. Anleggs- og driftskostnad vert betalt av kunden. Grunnpris gjeld per ljospunkt.
Byggje- og anleggstraum	5	NA	1840	28,9	Til- og fråkopling: kr 2500 Leige av skap: kr 5 pr. dag

### Ventetariff-Leveringsplikt:

Alle nye kundar som ikkje har vald seg ein kraftleverandør frå og med startdato bli tildelt netteigar sin ventetariff i samsvar med reglane om leveringsplikt i NVE si forskrift for måling, avrekning og fakturering av 11. mars 1999 nr. 301 § 7 - 1

Ventetariff (første 6 veker): Forbruksvekta spotpris + 5,0 øre/kWh + mva

Ventetariff (f.o.m. veke 7): Forbruksvekta spotpris + 9,0 øre/kWh + mva

### Linjer for byggje- og anleggsverksemd:

Ved framføring av midlertidige linje/kabelanlegg må kunden betala dei reelle kostnader.

### Bruk av nettet:

Anleggseigar/brukar må på førehand innhenta løyve frå netteigar for tilknytning av større apparat og motorar som kan valda skade eller vera til ulempe for netteigar eller andre nettkundar.

### Frå- og tilkopling av anlegg.

Dersom kunden ynskjer fråkopling av eit anlegg for kortare eller lengre tid må det ved ny tilkopling betalast eit tilkoplingsgebyr på kr 2000 + 25% mva.

### Utkalling av montørvakt

Dersom kunde meldar feil, og montør frå Kvinnherad Energi må møte opp etter ordinær arbeidstid og avdekkar feil på kunden sitt eige anlegg, blir kunden belasta med eit gebyr på kr 2000 + 25%.mva.

### Betaling og inkasso:

Ved for sein betaling vert det lagd til renter i medhald av lov om forseinka betaling. Ved utskrivning av ekstra betalingsvarsel vert kunden belasta med purregebyr på kr 66,- for kvar purring.

Dersom kraftleveringa til eit anlegg vert stengd på grunn av manglande betaling skal det, før ny tilkopling, betalast eit gebyr for frå- og tilkopling på kr 1000. Om kunden ynskjer opning av stengd anlegg etter ordinær arbeidstid skal det betalast eit tilleggsgebyr på kr 2000. Alle satsar er eks. mva.

*Avrekning av nettleige skjer etter "Forskrift om måling, avrekning og samordnet opptreden ved kraftomsetning og fakturering av nettjenester" fastsett av NVE.*

*Ein syner elles til Energi Norge sine standardvilkår for tilknytning, nettleige og levering av elektrisk kraft og til energiverket sin standard nettleikekontrakt.*